



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELE FELLESRÅD
24.03.2022 kl. 16.30 - kl. 18.00 i Møtelokala ved Hjelmeland kyrkjekontor.

Til stades: Terje Thornquist, Magnhild Meltveit Kleppa, Olav Frantzen, Solgunn L Asprusten, Lena Sofie Lundberg, Sigrunn H Arnesen og Reidunn Ferstad (sekretær)

Forfall: Hilde Smith, Kristin Kostøl Helgaland

Møtande varamedlemmar: Gunhild Austigard, Anita Riskedal

00/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak: Fellesrådet godkjenner innkalling og saksliste. Saka angående gjevartenesta er flytta til felles soknerådsmøte etter fellesrådsmøtet.

00/22 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 27. JANUAR 2022

Vedtak: Fellesrådet godkjenner møteprotokollen frå møtet 27. januar 2022.

SAK 07/22 ORIENTERINGAR

Saker som det vart orientert om:

Tilsetting som administrasjonssekretær:

Anne Eide, Ombo som allereie er tilsett som prostesekretær i 20 % stilling vert frå 1. april tilsett som administrasjonssekretær i 20 % stilling. Ho arbeidar tysdagar og onsdagar på kyrkjekontoret. Dei andre dagane er ho tilsett i NAV Hjelmeland.

Torill Marie Seljeskog om allereie er tilsett som diakonmedarbeidar og kyrkjetenar i Hjelmeland kyrkje vert frå 1. mai tilsett i ei 10 % stilling med administrer oppgåver på kyrkjekontoret.

Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd og Hjelmeland sokn sin uttale angående «områdeplan for Hjelmeland sentrum». Uttalen er sendt tidlegare.

Status brannsikring og restaureringsarbeid Årdal gamle kyrkje.

Tilskot kr 395 000 frå statsbudsjettet til konservering av Morsing-epitafiet i Hjelmeland kyrkje. Arbeidet vert utført mellom 23. og 31. august. Då vert kyrkja stengt. Eventuelle gravferds-seremoni i dette tidsrommet kan vere i ei av dei andre kyrkjene eller i Hjelmeland bedehus.

Status framdrift arbeidet med samanslåing av gravplassarbeidet med teknisk drift. Aktuell dato for inngåing av tenesteytingsavtale for gravplassarbeidet er 01.01. 2023. Politikerar vil få ei sak på dette tidleg på hausten.

Leiar av fellesrådet og kyrkjevevje hadde sitt halvårige kontaktmøte med ordførar og rådmann 22. mars. Neste møte er 1. september. Budsjett for 2023 vert då eit tema.

Kyrkja si rolle i mottak av flyktningar frå Ukraina: Arbeidet samordnast gjennom diakoni-medarbeidar og diakonikontaktane i sokna. Hjelmeland kommune sin kontaktperson er Sigrund Kleppa.

Vedtak: Orienterings- og referatsakene vert tekne til orientering.

SAK 08/22 Årsrekneskap 2021. Godkjenning

Vedtak: 1. Årsrekneskapen for 2021 og årsmeldinga del 2 vert godkjent

SAK 09/22 Revisjonsrapportar 2021

Vedtak: Revisjonsrapportane vert tekne til orientering.

SAK 10/22 Årsmelding 2021

Merknader til årsmelding 2021: Det må stå i protokollen kor mykje pengar det hadde kome inn gjennom året.

Vedtak: Årsmelding for fellesrådet del 1 vert godkjent med merknad om at det må stå kor mykje pengar det har kome inn på gjevarteneste gjennom året.

I kapittel **Frivillig gjevarteneste med skattefrådrag** side 10 i årsmeldinga er følgande setning tilførd: «I 2021 vart det gjeve kr 171 792 til trusopplæring mot kr. 300 000 som det var budsjettertert med»

Årsmelding for kyrkjemusikk, trusopplæring og diakoniarbeidet vert teke til orientering.

SAK 11/22 Ymse

Hjelmeland, 31.03.2022
Terje Thornquist
Leiar

Reidunn Ferstad
kyrkjeverje